

1.4.2 POLARTORSK



Foto: Thomas de Lange/Wenneck

Sigurd Tjelmeland
sigurd.tjelmeland@imr.no

□ Status og råd

Polartorskbestanden i Barentshavet er stor, truleg mellom 1,5 og 2 millionar tonn. Denne ressursen har ikkje vore fiska på av norske fiskarar sidan byrjinga av 1980-åra, og ikkje i nemnande grad sidan byrjinga av 1970-åra.

Ei akustisk mengdeberekning under økosystemtoktet i Barentshavet om hausten er den einaste undersøkinga Havforskningsinstituttet gjev av polartorsk. Det er for tida



berre Russland som fiskar på bestanden, og kvoten vert sett etter rådgjeving utarbeidd ved havforskningsinstituttet PINRO i Murmansk.

Det er uvisst om mengdeberekninga gjev eit godt bilete av bestandsstorleiken. Bestanden si geografiske avgrensing er lite kjent, og det er polartorsk lenger mot nord og aust enn det området som vert dekt under toktet. Dessutan er ofte store delar av bestanden konsentrert på eit lite område aust i Barentshavet. Om ikkje dette området vert dekt grundig, kan det gje opphav til store målefeil. Det var truleg noko slikt

som skjedde i 2003, då bestanden vart målt til berre ein fjerdedel av storleiken året før og etter. I 2008 vart bestanden målt til rundt 1,2 millionar tonn, som er det same som i 2007, men vesentleg lågare enn nivået i 2005–2006 (figur 1.4.2.1).

Fiskeri

Polartorsken vert fiska medan han er konsentrert under gytevandringa sørover langs kysten av Novaja Semlja seinhaustes. Totalfangsten på byrjinga av 1970-talet kom opp i 350 000 tonn, og den norske delen var då 15 000–20 000 tonn (figur 1.4.2.2).





Polartorsk

Boreogadus saida

Familie: Torskefamilien Gadidae
Maks storleik: 25 cm og 100 gram
Levetid: Sjeldan meir enn 5 år
Leveområde: Polare strøk
Hovudgyteområde: Sørøst i Barentshavet og aust av Svalbard
Gytetidspunkt: Desember–mars
Føde: Plankton
Særtrekk: Har "frostvæske" i kroppen

Nøkkeltal:

SISTE ÅRS KVOTE: 0
 SISTE ÅRS FANGST: 0
 SISTE ÅRS NORSKE FANGSTVERDI: 0



Polar Cod

The stock of polar cod in the Barents Sea is probably between 1.5 and 2 million tonnes. This estimate is uncertain, however, due to incomplete coverage of the stock. This resource has not been exploited to any noticeable degree since the early 1970s. The distribution area and the size of the stock are mapped by acoustic methods during an annual ecosystem survey in the autumn.

It is not clear whether polar cod found further north and east belong to the Barents Sea stock, which seems to spawn in two separate areas; east of the Spitsbergen Archipelago and in the southeastern regions of the Barents Sea. The polar cod plays an important role in the area. It feeds on zooplankton and is eaten by other fish, seals, whales and birds. In 2008 the stock was estimated at 1.2 million tonnes.

Fakta om bestanden

Polartorsken finst truleg i store delar av polhavet, i Barentshavet, ved Grønland og ved Canada. I Barentshavet har han mest tilhald ved Svalbard og i dei nordlege og austlege delane av havet. Om vinteren kan han òg treffast nærare norskekysten, og det synest å vera ein eigen liten bestand i Porsangerfjorden.

Polartorsken er ein pelagisk eller semipelagisk fisk, dvs. at han lever i dei frie vassmassane, men er oftast fordelt ned mot botnen, gjerne i svært tette konsentrasjonar. Han livnær seg av planktonorganismar, men har ikkje gjellegitter slik t.d. sildefiskar har, så større plankton utgjer mesteparten av føda. Polartorsken er sjølv viktig føde for andre fiskeartar som torsk, sel, kval og sjøfugl, og utgjer saman med lodda ein viktig brikke i økosystemet i Barentshavet.

Som namnet seier er polartorsken ein kaldvassart, som trivst best nord for polarfronten. Han har "frostvæske" i kroppen og kan difor tola havvatn med temperaturar ned mot frysepunktet rundt $-1,8^{\circ}\text{C}$. Gytinga føregår om vinteren under isen, først og fremst i den sørøstlege delen av Barentshavet, men truleg òg aust av Svalbard. Det tek lang tid før dei frittflytande eggaklekkjer, men ut på sommaren og hausten er larvane spreidde over heile den austlege og nordlege delen av havet i tillegg til områda rundt Svalbard. Den kjønnsmodne delen av bestanden beitar nord og aust for polarfronten. Bestanden samlar seg i oktober–november og vandrar sørover langs vestkysten av Novaja Semlja til dei viktigaste gytefeltet i sørøst.

1.4.3 VÅGEHVAL

Nils Øien
 nils.oi@imr.no

□ Status og råd

Norge fastsetter fangstkvoter for vågehvalbestandene ved hjelp av en forvaltningsprosedyre som er utviklet av vitenskapskomiteen i Den internasjonale hvalfangstkommissjonen (IWC). Langtidsmålet for forvaltningen er at bestanden skal styres mot et nivå på 60 % av den opprinnelige bestanden. Totalkvoten for 2009 er satt til 885 dyr.

Vågehvalen er en art med et relativt langt livsløp. Det ventes derfor ikke store svingninger i bestandsstørrelse og rekruttering over kortere tid enn 5–10 år. Bestandsestimater basert på anerkjent metodikk finnes bare for en kort periode. Derfor har vi ikke grunnlag for å si så mye om trender basert på disse. Derimot har vi fangststatistikk for så å si hele den moderne vågehvalfangsten tilbake til starten på 1920-tallet. På grunn-

lag av denne statistikken er det beregnet at bestanden på begynnelsen av 1980-tallet var omkring 70 % av hva den var 30 år tidligere.

På grunn av sterk internasjonal kritikk stoppet norske myndigheter vågehvalfangsten etter 1987-sesongen. I 1993 ble det igjen åpnet for kommersiell fangst. Det ble gjort etter at IWCs vitenskapskomité hadde godkjent de første bestandsberegningene for den nordøstatlantiske vågehvalbestanden, basert på talletokt i 1988 og 1989.

De norske hvalfangerne beskatter to bestander. Den viktigste er den nordøstatlantiske bestanden i Nordsjøen, langs norskekysten, i Barentshavet og ved Svalbard. For denne bestanden har vi nå fire estimater (figur 1.4.3.1). Det siste er på 78 500 vågehval, basert på talletokt i perioden 2002–2007. Dette estimatet er av samme størrelse som det for den foregående



Foto: Ivar Christensen